

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 12.05.2020
SAKSHANDSAMAR: Arve Varden/Kjell Inge Solhaug
SAKA GJELD: **Nye Førde sjukehus – løypemelding (O-sak)**

ARKIVSAK: 2020/1992

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
28.05.2020

STYRESAK:
028/2020

Framlegg til vedtak

Styret tek løypemelding om Nye Førde sjukehus til vitende

Oppsummering

Det er god drift på byggeplass og Dagabygget er i god rute på økonomi, kvalitet og framdrift.

Det er gjennomført ein uavhengig gjennomgang av prosjektet som ei forenkla kvalitetssikring av konseptval (KSK).

Den forenkla KSK-gjennomgangen av prosjektet støttar alternativ 3 med Livabygget i åtte etasjar som den beste løysinga for vidare utvikling av heilskapen i Helse Førde, men det er fortsatt stor usikkerheit om løysinga kan etablerast innanfor etablerte kostnadsmål.

KSK-rapporten vurderer at løysingane synest å ha overkapasitet innan senger og poliklinikkrom, og dette handlingsrommet bør nyttast for å nå kostnadsmåla i prosjektet gjennom arealreduksjonar på løysingane.

Prosjektet må planleggast slik at dei øvste etasjane, som no er komne inn i alternativ 3, kan byggast på eit seinare tidspunkt dersom kostnadsramma ikkje gir rom for dette no.

Prosessen med vidareutvikling av prosjektet må sikre at prosjektet gjennomfører kostnadsreduksjonar på ein slik måte at ein i størst mogleg grad sikrar framtidige driftsgevinstar.

Fakta

I styresak 17/2020 den 26. mars vart planar om endra løysing for Livabygget lagt fram for styret og det vart gjort følgjande vedtak:

1. *Styret gjev administrerande direktør løyve til å arbeidet vidare med løysingar som optimaliserer Alternativ 3 for Nye Førde sjukehus, med atterhald om at eigar kan godkjenne vidare arbeid med Alternativ 3.*
2. *Styret ber administrerande direktør utarbeide planar for reduksjon av prosjektet tilsvarande 70 millionar kroner.*
3. *Styret ber administrerande direktør gjennomføre ein forenkla KSK(Ekstern kvalitetssikring av konseptval) for Alternativ 3 for Nye Førde sjukehus.*
4. *Kostnadsmål for alle delprosjekta i Nye Førde sjukehus er 1 803 millionar i 2020 kroner.*
5. *Kontrakt for bygging av Livabygget skal leggast fram for styret til endeleg godkjenning.*

Det er no gjennomført KSK i samsvar med punkt 3 i vedtaket frå sak 17/2020, og laga planar for vidare samhandlingsprosess. Den forenkla KSK-rapporten støttar vidare arbeid med alternativ 3.

Alternativ 3, som prosjektet no arbeider vidare med, var presentert i styresak 17/2020. Detaljar knytt til løysinga er i liten grad teke inn i denne styresaka, men rapporten frå sak 17/2020 inneheld detaljar og er vedlagt denne saka som revidert utgåve i vedlegg 1.

Kommentarar

Det er god drift på byggeplassen og bygging av Dagabygget går godt. Prosjektet har ingen spesielle avvik å melde. Prognose på økonomi viser fortsatt sluttsum 10 millionar under kostnadsmålet som var sett for prosjektet.

KSK-rapporten peikar på mogleg overkapasitet innan senger og poliklinikkrom. Kapasitet på senger er avgjerande i samband med planlegging av Livabygget, og har stor konsekvens for kostnadene i prosjektet. Kapasitet på poliklinikkrom har ikkje den same kostnadskonsekvensen, og må gjennom fornya vurderingar før ombygging av Svanabygget startar opp om nokre år.

Rapporten peikar elles på at det er viktig å legge vekt på OU-prosessar for å hente ut framtidige driftsgevinstar både i det nye og det ombygde arealet. Det blir for prosjektet viktig å prioritere kostnadsnedtak som ikkje svekkar framtidige driftsgevinstar innan kvalitet og økonomi.

I høve til kalkylane som er gjennomførte så langt, har prosjektet ei utfordring med å nå kostnadsmålet som er sett for delprosjektet. I samband med KSK-rapporten er det peika på at tal sengerom, med ein korridor i eksisterande 8. etasje, er høgare enn romprogrammet. På bakgrunn av dette er det i prosjektet peika ei klar retning at samhandlinga må søkje vidare kostnadsreduksjonar ved å redusere arealet i Livabygget. I den vidare prosessen må arkitekt lage utkast til reviderte planløysingar i Livabygget. Dette for at konsekvensar blir fullt ut gjennomdrøfta, og at ein sikrar forankring og tryggleik for ei slik løysing.

Eit Livabygg i åtte etasjar gir opning for endra løysingar med betra funksjonar og reduserte kostnader for ombygging av eksisterande Svanabygg. Desse løysingane har vore gjennom ei første runde i arbeidsgruppene. Når ombygginga av Svanabygget nærmar seg, vil det vere behov for å vurdere kapasitetsbehova på nytt, t.d. for poliklinikkrom. Basert på ein slik gjennomgang kan vi justere romprogrammet for ombygginga.

Kalkylar vil bli sikra i den vidare prosessen etter kvart som prosjektet bevegar seg frå overordna arealmessige vurderingar og inn i konkrete løysingar og tiltak. Entreprenørar og rådgjevarar har ikkje fått arbeid fram detaljeringsnivå som gjer at kalkylen har bevega seg vesentleg nedover enno. Men det er gjennomført ei kreativ samling for Livabygget, der det kom opp kring 250 ulike tiltak og endringar som kan føre prosjektet i retning av kostnadsmålet. Det blir jobba vidare med desse ideane.

Helse Førde må trygge kostnadene i heilskapen for Nye Førde sjukehus. Det er difor to pågåande hovudprosessar i samhandlinga:

1. Livabygget med utarbeiding av tekniske løysingar, kostnader og kontrakt for bygging.
2. Ombygging av Svanabygget med utarbeiding av jobbpakkar, avklare føresetnader, trygge kostnadsvurderingane og prioritere tiltaka innanfor etablerte kostnadsmål for prosjektet.

For punkt 1 vil kostnadsvurderingane vere eksakte og ende i ein kontrakt for bygging av Livabygget, medan punkt 2 vil vere kalkylar og målsummar som det skal arbeidast vidare med når samhandlingsfasen for ombygging av Svanabygget startar opp om nokre år.

Dei første kalkylane for heilskapen vil truleg bli klare i månadsskiftet juni/juli, og vi vil då sjå omriss av om eit Livabygg i åtte etasjar er råd å realisere innanfor etablerte kostnadsmål.

Heilskapen i prosjektet har, med kalkylen som er etablert så langt, ei utfordring med å nå dei definerte kostnadsmåla. I tillegg til å nå kostnadsmåla skal det lagast ein kuttplan for å, ved behov, kunne ta prosjektet ned til 70 millionar under kostnadsmålet. I prosessen for prioritering og kostnadsreduksjonar må vi vurdere aktuelle tiltak både i Livabygget og for ombyggingsarbeidet i Svanabygget.

Kost-/nyttevurdering for drift blir sentralt i høve til prioritering av tiltak, og vurderingar på driftskostnader og kvalitetsmessige gevinstar for pasientar og tilsette vil vere viktig. Desse vurderingane ligg utanfor det organiserte byggeprosjektet.

Prosessar for kost-/nyttevurderingar må skje i dei OU-prosessane som er organiserte per no, og støttast med supplerande prosessar i driftsorganisasjonen. Ut på hausten 2020 vil Nye Førde sjukehus nærme seg ei signering av kontrakt for Livabygget, og det må gjennomførast tilråding om vidare vegval.

Det vil truleg bli krevjande å oppnå full semje om kva gjennomføringsomfang og kuttplan som er rett for Helse Førde. Å etablere ein inkluderande prosess der alle røyster blir høyrde er viktig.

Det er utarbeidd følgjande framdriftsplan for vidare samhandling i prosjektet:

- Første samla styringskalkyle frå Veidekke 26. juni 2020
- Andre styringskalkyle for Liva- og Svanabygget 1. september 2020
- Styremøte 29. september, løypemelding frå Nye Førde sjukehus
- Utkast kontraktsdokument for Livabygget 5. oktober 2020
- Slutføring kalkylar på Svanabygget 16. oktober
- Styremøte 26. oktober, vedtak om oppstart Livabygget
- Kontraktssignering Livabygget 30. oktober 2020

Konklusjon

Den forenkla KSK-gjennomgangen av prosjektet støttar alternativ 3 som beste løysinga for vidare utvikling av Livabygget og heilskapen i Helse Førde. Den vidare utviklinga av prosjektet må vere slik at Helse Førde på sikt kan realisere dette prosjektet, dersom ein ikkje finn økonomisk handlingsrom for å gjere dette no.

KSK-rapporten peikar på at løysingane synest å ha overkapasitet innan senger og poliklinikkrom, og dette handlingsrommet bør nyttast for å nå kostnadsmåla i prosjektet.

Prosessen med vidareutvikling av prosjektet må sikre at prosjektet gjennomfører kostnadsreduksjonar på ein slik måte at vi i størst mogleg grad sikrar framtidige driftsgevinstar.

Prosjektet må nå det definerte kostnadsmålet for heilskapen på 1803 millionar 2020-kroner, og i tillegg lage ein kuttplan for å kunne redusere kostnadene med 70 millionar til 1733 millionar 2020-kroner.

Vedlegg

Vedlegg 1: Rapport om val av løysing for Livabygget (revidert frå styresak 17/2020)

Vedlegg 2: KSK-rapport frå Oslo Economics

Vedlegg 3: Teikningsbok for alternativ 3 (uendra frå styresak 17/2020)

Vedlegg 4: Månadsrapport for Nye Førde sjukehus